

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 18.04.2018
SAKSHANDSAMAR: Divisjonsdirektør Askjell Utaaker

SAKA GJELD: Fullmakter i utbyggingsprosjekt

STYRESAK: 46/18 A

STYREMØTE: 27.04.2018

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggjast fram for styret for godkjenning før kontrakt blir signert.
2. Styret skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt, ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300 millionar, og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.
3. Avdelingssjef på Prosjektkontoret kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.
4. Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret ta konkret stilling til entreprise- og kontraktstrategi og få førelagt plan for løpande rapportering til styret.
5. For det enkelte utbyggingsprosjekt må det avklarast med Helse Vest RHF korleis rapportering undervegs og sluttrapportering skal vera til eigar.

Bakgrunn

Frå Helse Vest RHF er det tatt eit initiativ til å vurdere regulering av fullmaktsregime i utbyggingsprosjekt.

Saka blei behandla i styresak 12/2018 i møtet 25. januar. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

«..Basert på mottatte premissar frå Helse Vest RHF, foreslår administrerande direktør at kontraktar med verdi over 100 millionar kroner blir presenterte for styret for godkjenning.

Ordninga kan i nokre tilfelle føre til risiko for forseinkingar i prosjektgjennomføringa og vere fordyrande. For å avgrense denne risikoen, bør ein kunne opne for at administrerande direktør får konkret fullmakt i einskildsaker til å signere kontrakt utover 100 mill.kr., eller at det blir halde ekstraordinære telefonstyremøte dersom tidsforskyvinga blir for stor.

Kommentarar i møtet

Det skal vere ei kvalitativ vurdering av når styret skal bli involvert ved igangsetting av nye byggeprosjekt. Styret skal alltid vere involvert ved inngåing av store kontraktar. Eit nivå på 300 millionar kroner kan vere ein peikepinn på når styret skal vere involvert, men ein bør ikkje berre leggje vekt på storleiken av kontrakten. Den totale risikoen og kva ein kan gjere for å redusere risikoen må vurderast. Nye og innovative kontraktar bør også leggjast fram for styret.

Samstundes må ein må unngå å utløyse styreinvolvering på eit stort volum av saker. Ei tilnærming kan då vere at ein i slutten av konseptfasen for eit prosjekt vel å leggje inn føringar for fullmaktene i det aktuelle prosjektet.

Ein bør lage ei tydeleg fullmaktsmatrise som viser fullmakter i alle typar anskaffingar. Det same gjeld for dei andre selskapa som gjer anskaffingar på vegner av Helse Bergen.

Vedtak [samrøystes]

Styret sluttar seg med justeringane som er nemnde ovanfor til innspela til Helse Vest RHF om fullmakter i utbyggingsprosjekt og endra involvering av styret..»

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 7. mars 2018 sak om fullmakter i utbyggingsprosjekt (ref. styresak 040/18). Kopi av styresak følgjer vedlagt.

Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggjast fram for styret i helseføretaket for godkjenning før kontrakt blir signert.
2. Styret i helseføretaka skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300 millionar, og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.
3. Prosjektdirektør kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.
4. Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret i helseføretaket ta konkret stilling til entrepris- og kontraktstrategi og få seg førelagt plan for løpande rapportering til styret.

5. For det enkelte utbyggingsprosjekt må det avklarast med Helse Vest RHF kva undervegs rapportering og sluttrapportering det skal vera til eigar.

Helse Vest ber om at helseføretaka legg vedtaket til grunn i framtidige Utbyggingsprosjekt og i dei som allereie er under arbeid . Dette går også fram av Styringsdokumentet for 2018 pkt. 4.1.4.

VEDLEGG: Helse Vest RHF styresak 040/18